



Interkommunalt friluftsråd

Prosjektplan

Bakgrunn

Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer eit friluftsråd i fylket. Fylkeskommunen har etablering av interkommunalt friluftsråd både som ein strategi i Kulturstrategien for 2008-2011 og som eit tiltak i Fylkesdelplanen for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse 2010-2013.

Sogn regionråd vedtok å setja i gang eit forprosjekt for interkommunalt friluftsråd.

Prosjekt mål

Utvikla eit friluftsråd som eit fast samarbeid mellom to eller fleire kommunar om nærare definerte felles friluftsoppgåver.

Prosjektorganisering

Prosjekteigar: Sogn regionråd

Prosjektansvarleg/økonomi: Dagleg leiar i Sogn regionråd

Prosjektleiing: Sogn næring

Styringsgruppe: Rådmannsgruppa i Sogn regionråd

Prosjektgruppe: Tilsette frå kommunane:

Arne Lerum, Luster

Britt Marit Stadheim, Vik

Ole Opheim Røthe, Leikanger

Ine Nyseth, Lærdal

Jørgen Hundseth, Balestrand

Håkon Skjerdal, Aurland

Maryan Georgsdotter Mundal, Sogndal

Referansegruppe:

Forum for natur og friluftsliv

Indre Sogn Kystlag

Naturvernforbundet

Norsk Jeger- og Fiskeforbund

Reisemålsselskapa i indre Sogn

Sogn og Fjordane Turlag

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Mandat for prosjektgruppa

Prosjektgruppa skal vurdera etablering av eit interkommunalt friluftsråd i Sogn, og skal også koma med framlegg til alternative samarbeidstiltak for friluftaktivitetar mellom kommunane.

Forprosjektet skal kartleggja status og utfordringa i kommunane, vurdera organisering, definera arbeidsoppgåver, stillingsomfang og finansering.

Framdrift

Prosjektgruppa rapporterer til rådmannsgruppa som er styringsgruppe. Prosjektleiari er sekretær. Prosjektgruppa leverer sluttrapport innan 1.11.2010. Interkommunalt samarbeid om friluftsråd føreset vedtak i kvar kommune. Sluttrapporten vert ein del av saksgrunnlaget ved handsaming i rådet og i kommunane.

Økonomi og ressursar

Sogn og Fjordane fylkeskommune har gitt tilsagn om kr 140 000. Sogn næring utfører prosjektarbeidet innan ei ramme på kr 120 000. Kr 20 000 av tilsagnet skal kunne nyttast til evt. kostnader med eksterne møte, synfaringar mv. Kommunane sin eigendel går til finansering av deltaking i prosjekt-/ og referansegruppe.

Framdriftsplan - milepælar

Fase 1 Juni 2010	Drøfting i rådmannsgruppa om organisering av forprosjektet. Rådmannsgruppa er styringsgruppe for forprosjektet.
Fase 2 August - september	Registreringsfasen: Kva område er sikra i kommunane, kva område er regulert/ i faktisk bruk korleis er bruksaktivitet, lokal - regional/turisme mv. Korleis forvaltar kommunane sine område og kva utfordringar ligg her for betre tilrettelegging og bruk. Korleis har kommunane organisert arbeidet med friluftslivstiltak, politisk og administrativt/driftsordningar. Kommunane tek i registreringsarbeidet med dei aktuelle friviljuge organisasjonar i sitt område (m.a. turlaga, reiselivslaga) Innhenting av opplysningar frå andre interkommunale råd som har samanliknbar struktur, ev møte, synfaringar, fokus på organisering politisk/administrativt, driftsordningar, økonomi og effekten av etablering av interkommunalt råd for å auka merksemd og aktivitet.
Fase 3 Oktober-november	Prosjektgruppa samlar dei innkomne registreringar og opplysningar i ein rapport som vert utsendt til dei friviljuge organisasjonane og fylkeskommunen for kommentarar. Referansegruppa vert invitert til møte for innspel/synspunkt til rapporten før ein sluttrapport går til styringsgruppa.
Fase 4 Desember-januar	Styringsgruppa oppsummerar i eit samla dokument som går til regionrådet sitt sekretariat for handsaming i rådet. Regionrådet sin tilråding vert sendt kommunane for vurdering om det er tilslutnad til å etablere eit interkommunalt friluftsråd.
Fase 5	Etablering av rådet